

## Møtereferat

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kyrkjestova  
**Dato:** Torsdag 20.04.2023  
**Tid:** Kl. 16.00 - 18.30  
**Ord for dagen:** Svein, fortalte om kor gløymsk Gud er 😊

### Innkallinga er sendt til:

Svein Lunde	Leiar møtt
Anne Marie Røed	Nestleiar møtt
Sigrid Marie Fangel	Skrivar Forfall
Tom Rydland	Medlem Forfall
Wenche Andersen Helland	Medlem Forfall
Herman Inge Aadland	Medlem møtt
Håkon Rydland Sæbø	medlem Forfall
Aase Rygg H. Nøttveit	Medlem møtt
Olav J. Oma	Sokneprest møtt
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant Forfall
Jostein Skram	1. vara Forfall
Karin Maria Korsvik	2. vara Forfall
Magnor Tverderøy	3. vara Forfall
Hilda Gloppen	4. vara møtt
Jan Ottar Wiik	5. vara Forfall
Svein Arne Theodorsen	vara for sokneprest
Jan Overweg	Kyrkjeverje møtt

## Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2023/29	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	x
2023/30	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 23.03.2023	x
2023/31		Kort orientering om arbeidet i soknet	x
2023/32		Kyrkjevalet – godkjenning av listeforslag frå nominasjonskomiteen	
2023/33		Økonomirapport til 31. mars	x
2023/34		Årsrapport 2022	x
2023/35		Bruk av kyrkjelydsprestfondet. Saka blir utsett til møte 11. mai	
2023/36		Kyrkjevalet 2023 - Tidspunkt for førehandsrøysting	
2023/37		Meldingar / open post	

### **Sak 2023/29 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Vedtak:**

Innkalling og saklister er godkjent.

### **Sak 2023/30 012.1 Referat frå sist møte**

#### **Vedtak:**

Soknerådet stadfester referat frå møtet den 23.03.2023.

### **Sak 2023/31 Kort orientering om arbeidet i soknet**

Kyrkjeverje og sokneprest legg fram ei kort orientering om arbeidet i soknet.

#### **Vedtak:**

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

### **Sak 2023/32 Kyrkjevalet – godkjenning av listeforslag frå nominasjonskomiteen**

Soknerådet har mottatt gyldig listeforslag med prioritert rekkefylgje frå nominasjonskomiteen for Fitjar sokn. Soknerådet, skal ta stilling til listeforslaget seinast 2. mai, jfr. kyrkjevalreglane par. 7-5(2), 14-3(2). Kapittel 5 i valhandboka om valstyrets behandling av listeforslag samt supplerande nominasjon er vedlagt innkallinga.

#### **Vedtak:**

Fitjar soknerådet vedtek listeforslaget slik det vart lagt fram i møte.

(No vert lista lagt ut til offentleg ettersyn (alt i dag).

Det er no mogleg å supplera lista på plassane etter valnemnda sitt framlegg. Her må fem personar vera einige om å spørja ein/ei, og få ja, då vert desse etterført på lista.)

#### **Sak 2023/33 Økonomirapport til 31. mars**

Saldorapport for første kvartal er vedlagt innkallinga. Det er ikkje større avvik frå budsjett slik den vart vedteke i januar. Straumforbruket hittil i år er lågare enn i same periode i 2022 med kostnad som budsjettert. Det blir ei kort gjennomgang av rapporten i møte.

#### **Vedtak:**

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

#### **Sak 2023/34 Årsrapport 2022 , vert endeleg lagt fram i møte 11. mai**

Årsmeldinga for Fitjar sokn er sett opp etter liknande mal som me har brukt dei siste åra. Ulike medarbeidarar, både tilsette og frivillige, er inviterte til å levera stoff til årsmeldinga. Stoffet er deretter redigert og sett saman av administrasjonen. Årsmeldinga som no er sendt til rådsmedlemene er å sjå på som eit arbeidsdokument. Det treng framleis gjerast noko arbeid med korrekturlesing og redigering. Rekneskap for 2022 er ikkje heilt ferdig og er ikkje lagt inn. Det er fint om soknerådet kan sjå gjennom teksten i årsmeldinga og koma med kommentarar på eventuelle endringar som bør gjerast. Årsmeldinga skal liggja ute til offentleg ettersyn i minst to veker før årsmøtet i kyrkjelyden. Tidspunkt for årsmøte er sett til søndag 4. juni etter gudstenesta i Fitjar kyrkje.

#### **Vedtak:**

Soknerådet utset vedtak til neste møte.

#### **Sak 2023/35 Bruk av kyrkjelydsprestfondet saka vert utsett til 11. mai.**

Komité for kyrkjelydsprestfondet har i møtet 13. april utarbeidd eit forslag til bruk av fondet. Notat frå møtet er vedlagt innkallinga og vil vera utgangspunkt for drøfting i soknerådet.

#### **Vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka. Saka vert utsett til møte 11. mai.

#### **Sak 2023/36 Kyrkjevalet 2023 - Tidspunkt for førehandsrøysting**

Føremålet med fråsegna om førehandsstemming er å leggje til rette for at flest mogleg veljarar får gitt stemme. Valstyret skal leggje til rette for førehandsstemming i tidsrommet 10. august til 8. september (fredag før valdagen). Føringer for førehandsvalet er omtalt i valhandboka kap.7.

Forslag om tidspunkt for førehandsrøysting i Fitjar sokn:

På kyrkjekontoret i periode 10.08 - 06.09: Onsdagar og fredagar frå kl.10.00 - 15.00.

På kyrkjekontoret torsdag 31.08 frå 15.00 - 20.00.

I Fitjar kyrkje etter gudstenesta søndag 27.08 frå 12.30 -13.30

På Fitjar bu- og behandlingssenter og Hamnahuset på nærmare avtalt dag. (Forsøk om samordning av tidspunkt med kommunen)

*Vidare bør valstyret leggje til rette for førehandsstemming på minst eit arrangement for unge, jf. kirkevalgreglene § 9-3 (4). **TENTREFF må kontaktast om at dette er mogleg plass. Me søker å få dette til.***

#### **Vedtak:**

Fitjar soknerådet vedtek tidspunkt for førehandsrøysting slik som føreslått, me prøver få på plass ein røystestad for unge i same periode.

### **Sak 2022/37 Meldingar / open post**

- Fest etter samtalegudsteneste 10. mai – arbeidsliste er klar – kven kan vera med?  
Jan la fram liste med namn vart lagt fram i møte.  
Svein kallar inn til komitemøte med tanke på kva som skal ordnast, og kjøpast inn på førehand.
- Frivilligfest 15. juni – kven kan vera med i komiteen?  
Kva vil vi med festen?
  - Kjem soknerådet? Viktig at vi stiller.
  - AU set opp eit forslag til kva og korleis festen vil bli.
- Orientering frå møte i komiteen for kyrkjelydsprestfondet.
- Svein Lunde fortel frå helga då Ragnild Jepsen vart vigsla til biskop.  
Denne helga vart det og orientert om arbeidet på Cuba og Bjørgvin bispedøme si vennskapskyrkje der.  
Misjonsmark, og kyrkja veks, men vanskeleg å vere kyrkje i enkelte område.  
Mykje KRIK – arbeid.  
Butikkane har lite varer.  
Heilt vanlege varer som saks og plaster er mangelvare. Folket treng støtta som vi er med på ved å gje til Bjørgvin sin vennskapskyrkje på Cuba.  
Det vart og fortalt om ungdomsarbeidet i St. Jakob, i Bergen. Kyrkjerommet vart brukt til det meste, dette var ein samlingsplass for mykje ungdom i Bergen.  
Kva er de stolt over i dykkar kyrkjelyd? Spørsmålet vart stilt. Mange snakka om barne og ungdomsarbeid.  
Nokon var gått bort frå å snakka om familiegudsteneste til å snakka om GENERASJONGUDSTENESTE.  
I St. Jakob var det fullt heile veka, ein stor frivilleg stab er viktig i dette arbeidet.
  - Bispekontoret vil invitera til veikryss 18-20. august, der alle kyrkjelyder er invitert til å sende 2 ungdom mellom 15 og 30 år.
  - I St. Jakob var der tre kontaktpersonar som vart brukt til å tromma saman frivillege,
- Om vigslingsgudstenesta. Full kyrkje, fantastisk flott oppleving. Her var internasjonal deltaking. Kongen var med. Kor.  
Nattverd med 4 stasjonar.  
Biskopen heldt ei flot preike, er ein flink liturg.  
Etterpå vart det lunsj/middag i Håkonshallen, ferdig rundt 16.00. Ei fin oppleving.

Skrivar

Olav J. Oma